

Bergen, 31.05.22

Vår ref: 2022/546
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 22/212 – 22/2124

Fedje kommune

Fedje, Steinborg – løyve til utlegging av flytebyggje 168/47 – klage

Visar til løyve etter plan- og bygningslova for utlegging av flytebyggje ved Steinborg gjeve 05.05.2022. Søknaden var òg sendt inn 05.05.2022.

Det er registrert anløpskai for fiskeri i området kor flytebyggja er tenkt. Kaien har vore nytta av regionale fiskarar og er i aukande grad viktig i samband med makrellstørjefisket og ved makrell- og sildefiske i området. Det har tidlegare blitt utført mudring i Kyrkjevågen for å betre tilkomsten for fiskefartøy.

Ein kan ikkje sjå at søknaden er sendt på høyring til relevante partar som Fiskarlaget Vest og Fiskeridirektoratet region Vest.

I 2015 blei det gjeve løyve til småbåthamn i same område. Dåverande Fylkesmannen i Hordaland (Statsforvaltaren i Vestland), oppheva vedtaket med bakgrunn i at tiltaket var i strid med arealføremålet *farlei* i kommuneplanen sin arealdel. Det blei peika på at det måtte søkjast om dispensasjon frå kommuneplanen. Kommunen gav dispensasjon til tiltaket 23.06.2016. Løyvet var gjeldande i 5 år.

Det har ikkje vore endringar i kommuneplanen sidan 2015 og ein stil difor spørsmål ved kvifor det ikkje er søkt om dispensasjon frå kommuneplanen, slik det var gjort i 2016.

Med bakgrunn i ovannemnde ønskjer ein å klage på at saka ikkje er sendt ut på høyring og at det er fatta vedtak som strider i mot kommuneplanen sin arealdel. Ein er uroa for at feil handsaming av saker kan skape presedens.



Fiskerilaget Vest ber om å få tilsendt saker i tilknytning til fiskerihamner, anløpskaier brukt av yrkesfiskarar og fiskeområde i framtida.


Med helsing
Fiskerilaget Vest

Britt Sæle Instebo
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Nordhordland Fiskerilag
Fiskeridirektoratet region Vest
Statsforvaltaren i Vestland

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.



Søknadskart